



Til Hordaland fylkeskommune

## **Innspel til Regional transportplan Hordaland 2018-2029.**

Hauge helselag vil med dette sende vårt innspel til plan for trafikksikring.

Plan for trafikksikring er ute på høyring med svarfrist 20. oktober.  
Dette innspelet gjeld fylkesveg 567 frå Loftås til Hauge.

Fylkesveg 567 mellom Valestrand og Hauge er ein av Osterøys mest trafikkerte vegar, det er gjennomgangstrafikk til og frå arbeidsplassar på Valestrand og på Hauge, samt pendlartrafikk til og frå ferje og bru. Vidare er det barneskule og ungdomsskule på Valestrand som elever frå Hauge nyttar.

Hauge helselag ser det som særst viktig å få på plass manglande gang- og sykkelveg på strekninga Loftås-Hauge. Denne vegen som er så hardt belasta er ikkje tilrettelagt for mjuke trafikantar. Trygge skulevegar er eit viktig arbeid innanfor trafikksikringsarbeidet i kommunane og eit godt folkehelseiltak.

«Hjertesone» er ein felles dugnad, som mellom anna er lansert av Helsedirektoratet og Trygg Trafikk. Føremålet er å skape sikrere skulevegar, betre helse og styrke miljøet. Dette er viktige element som Hauge helselag støttar.

Ut i frå det som her er nemnd vil Hauge helselag be om at fylkesveg 567 mellom Loftås og Hauge vert prioritert slik at alle som ferdes langs denne høgt trafikkerte vegen, etter kvart kan få ønske oppfylt å få ein gang- og sykkelveg som kan gjera livet lettare for alle som må ferdes der.

Venleg helsing

For Hauge helselag, Esther Halland